

Kapitulasjon er kapitulasjon

11. november 1918 blei første verdenskrigen avslutta med våpenkvilda i den mest berømte av alle jernbanevogner i Compiegne-skogen i Frankrike. I røynda kapitulerte Tyskland. Etter kvart oppstod dolkestøytlegenden om at Tyskland egentleg ikkje tapte krigen. 22. juni 1940 let Hitler den same jernbanevogna hente fram att for å audmjuke franskmennene når dei undertekna kapitulasjonsdokumenta. Som vår norske øvstkommanderande i 1940 Otto Ruge skriv i «Krigens dagbok» var Frankrike «i og med sin kapitulasjon nøytralt og ute av krigen».

10. juni 1940 undertekna oberstløytnant Roscher Nielsen i general Ruges norske overkommando det norske kapitulasjonsdokumentet saman med oberst Buschhøgen på vegner av den tyske overkommando. I ettertid har vår norske dolkestøytlegende hatt større gjennomslagskraft i norske kringar av menneske med makt. Grunnane til det er mange, m.a. det at Norge var ei ørlita usjølvtendig brikke i krigen mellom hovudmotstandarane, som gjekk vidare, og at krigen frå og med sommaren 1941 utvikla seg til ein verdskrig med heit anna sluttresultat enn det alle venta då Norge skreiv under kapitulasjonspapira.

Vår norske kapitulasjon 10. juni 1940 var ikkje ein kapitulasjon av 6. divisjon og øvrige styrkar i Nord-Norge, men var, som nemnt, slutta mellom overkommando i dei to rika, Norge og Tyskland, og omfatta helle vår norske krigsmakt på norsk territorium. Når det blir hevda at krigen gjekk vidare, då kan dette synet berre gjelde eksil-nordmenn som meg sjølv, nokre små krigsfarty o.l. under britisk kontroll, som den norske krigsleiinga under general Ruge ikkje kunne binde med sin kapitulasjon. Men den største ressursen utanfor det norske rikets kon-

troll 10. juni 1940, dei fem tusen internerte soldatane i Sverige, blei i praksis omfatta av kapitulasjonen. Vi blei nemleg, anten vi ville det eller ikkje, sende tilbake til Norge. Det ville ha vore brot på folkeretten dersom Norge framleis var i krig.

Utsendingen frå den norske overkommando i Trondheim 10. juni, Roscher Nielsen, skreiv då også under ømsersøresordet om ikkje å bære våpen meir i krigen mellom Tyskland og Storbri-

Ytring

SVein BLINDHEIM

tannia. Æresordet hans var kanskje grunnen til at det ikkje blei han, Roscher Nielsen, men major Hansteen som i 1942 blei norsk forsvarssjef i ute-Norge, no då vona om at ute-Norge likevel skulle hamne på parti med sigerherrane materialiserte seg.

Major Hansteen hadde nemleg aldri skrive under nokø papir om ikkje å kjempe mot Tyskland etter 10. juni av di han som militærattaché i Finland ikkje hadde vore med i krigen i det heile. Roscher Nielsen blei heller aldri stilt for norsk rett etter krigen for underskrifta si om ikkje å slåst vidare, ei ulovleg handling om det var så at krigen verkeleg gjekk vidare. Heller ikkje Ruge som bad offiserane om å skrive under.

Frankrike var altså ute av krigen i og med kapitulasjonen 22. juni 1940. Regjeringsmedlem og brigadegeneral de Gaulle ville slåst vidare - som ute-Norge med tid og stunder, særleg etter at den lokale vesteuropeiske krigen blei utvida dramatisk 22. juni og 7. desember 1941. Det som hadde skjedd før var peanøtter å rekne, og basert på frivilligskap.

10. juni 1940 var Norge meir definitivt slått ut av krigen enn t.d. Frankrike ei veke seinare. Krigen med våpen var utkjempa

og avgjort alt dagen før, 9. juni, då dei våpenstiltstanden mellom 6. divisjon blei undertekna av oberstløytnant Wrede Holm frå norsk side og general Dietl som lokal tysk sjef, på Spionkop ved Narvik.

At håpet levde vidare hos mange, er ei anna sak. I dette håpet om å slåst vidare mot tyskarane drog eg seinare til Storbritannia og melde meg frivillig. Men eg var aldri i tvil: Norge hadde kapitulert! Å leggje ned våpna og å levere inn kvar smitt og amule militært krigsmateriell og utstyr til siste patron i helle riket, vil og kort sagt seie at Norge hadde kapitulert og var ute av krigen. All verdas aparte bortforklaringsfreistnader og svartekunst kan ikkje endre på realitetane i 1940.

Likevel og samstundes, sjølv om Norge altså ikkje var i krig med Tyskland, så var det like tindrane klart at for nordmenn fest i sitt hjarte var Tyskland framleis fienden, Storbritannia - eller England som vi gjerne sa - var vår ven og allierte. Men altså ikkje fiende statsrettsleg etter 10. juni 1940, og ikkje folkerettsleg. Våpna hadde avgjort den sak, vi hadde gitt oss slik krigens lov er. At det utrullege hende, når vi tenkjer oss tilbake til situasjonen slik han var i 1940 og 1941, at Tyskland tapte krigen, og sigerherrane kunne diktere sluttvilkåra, endrar ikkje ein taddel på hendingane i Norge 1940.

Det er uomtvista folkerett at ein avtale som den som Roscher Nielsen og Buschhøgen undertekne 10. juni 1940, og som omfatta eit lands samla stridskrefter, skaper ein rettsstilling mellom partane med verknad for vedkommande stats heile territorium og folk. Frå eit klassisk folkerettsverk siterer eg: «A general armistice is a cessation of hostilities which, in contradiction to suspension of arms... is agreed upon between belligerents for the whole of their forces

and the whole region of war.» Det var dette som skjedde gjennom Trondheimsavtalen 10. juni, etter at 6. divisjon, som den siste kjempande gruppe, hadde gitt seg gjennom avtalen ved Narvik. Slik blei og hendingane i Norge sommaren 1940 oppfatta internasjonalt. Då spelar det mindre rolle at nordmenn, rett nok med stor påverknadskraft utover i eit overveldande norsk flertal som ikkje veit anna, krampaktig held fast ved gamle fordommar, og at alle som var NS laut betale dyrt av di Norge «framleis var i krig med Tyskland».

I same kateogri lyt vi og plassere Andenæs' bortforklaringsfreistnad når han seier at London-regjeringa «som har det endelige ansvaret for krig og fred, inngikk ingen avtale om fred (med Tyskland), og at «Norge var derfor fortsatt i krig». Fred! Kven snakkar om fred?

Nygaardsvold-regjeringa hadde altså gitt forsvarssjef Ruge klar instruks om å innleie forhandlingar om kapitulasjon. Det er allmenn godtatt folkerett, som også Norge har ratifisert og som dermed går føre norsk lov, at ein avtale om kapitulasjon som er inngått av ein stats øvstkommanderande er bindande for statens politiske og konstitusjonelle styresmakter.

Norge kapitulerte altså. Men, som det og heiter i regjeringspapira frå 7. juni «flytter (regjeringa) over til et alliert land for derfra å opprettholde den lovlige regeringsmakt i Norge. Vi mener at ein flytting vil være av den største betydning for...» Slik gjekk det og Nygaardsvold-regjeringa kom tilbake etter Tysklands kapitulasjon. Men det vil altså ikkje seie at Norge hadde vore krigførande statsrettsleg og folkerettsleg sett sidan 10. juni 1940!

Det er vidare sikker folkerett at ein avtale inngått slik av kompetent styremakt ikkje berre gjer slutt på krigshandlingane, men også fører med seg

vidtgående politiske, statsrettslege og strafferettslege endringar. Det er mange eksempel å vise til i so måte, men eg skal ikkje trøyte med det.

General Buschhøgen, som underskreiv Trondheimsavtalen for Tyskland 10. juni, stemplar påstandane om at Norge ikkje kapitulerte som det det er, tullprat. Om Roscher Nielsen, som underskreiv for Ruge i Trondheim, og som etter krigen hevda at Norge ikkje kapitulerte, seier den svenske øvstkommanderande 1940-1945 general Thøgnell at ein generalstabsoffiser som ikkje veit skilnaden på våpenstiltstand og kapitulasjon ligg på eit kunnskapsnivå som er under nivået til ein krigsskulekadett.

Avtalen oppfylte da også til overmål alle naudsynne vilkår for at Norge effektivt ikkje kunne føre krig. Men, som London-regjeringa skreiv til stortingets presidentskap 17. juli 1940 i samband med riksrådsforhandlingane: «... ingen kan være i tvil om at så lenge det råder krig mellom Storbritannia og Tyskland, så forblir Norge krigsområde». Det er verkelegheita i eit nøtteskal. Ingen nektar då heller for at Norge var krigsområde mellom Tyskland og Storbritannia. Men for staten Norge slutta krigen 10. juni 1940.

Etter mai 1945 hadde Det Norske Arbeiderparti og London-regjeringa nok med «rettsoppgjeret» og med kvitvasking av seg sjølv, og gjekk stilt i dørene. Samstundes kunne Høgre, offiserskorpsen og byråkratiet elles, i fred og ro løse Norge inn i NATO, også gjennom bruk av løgn, selektivitet og skelivramstilling i argumentasjonen.

For nye slekter er Trondheimsavtalen i 1940 knapt meir interessant enn kongane i dansketida. Dei vil nok gjerne høyre om krigen i 1940 og frå okkupasjonstida, men då helst å la «Look to Norway». Max Manus, tungtvatnaksjonane, o.s.b. i beste ukebladstil, gjerne dikt og fant å la Peer Gynt.

Kanskje er det ikkje anna å vente heller når ein tek omsyn til skelivramstillingar sjølv i historieverk.

103377